

## Takk for skulejoggen

18.10.2011

**Uskedalen skule vil senda dagens ros til elevar, foreldre og andre som deltok på skulejoggen som skulen arrangerte torsdag 29.09 .  
118 elevar og skulekameratane frå barnehagen gjekk eller jogga ein eller fleire gonger gjennom løypene**

Barnehagen og 1.-3.kl hadde løype over Dønhaug medan 4.-7.kl hadde ei lengre løype som gjekk over Ådnaklett.

Då deltakararar kom til skulen etter endt deltaking, stilte Uskedalen helselag opp med frukt til alle .  
Det blei samla inn kr 4184.- som er sendt til Redd Barna sitt hjelpeprogram .

Tusen takk til alle som deltok.  
Ei særskild takk til helselaget for deira støtte .

Marie Elisabeth Kaldestad  
rektor